

## Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 11.05.17

**Til stades:** Helin Morel, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

**Meldt forfall:** Anita Haugen, Gro Nilsen og Karine Tjørhom Myhra

### Sak 10/17: Basar - inntekter, utdeling av overskot og evaluering

Det var 66 vaksne og 50 barn til stades på basaren, som gav eit overskot på kr. 46 995,55, sjå vedlegg 1. Av dei gjev me Øvre Sirdal leitegruppe kr. 30 000,-. Solveig Marie ordnar sjekk og avtalar møte med Arvid 15. mai. Sirdalsmagasinet blir med på overrekkinga.

Perny får gåvekort på kr. 1500,- til ein middag som takk for hjelpa sidan ho ordnar gevinstar og alt av kaker og mat.

- Flott at Arvid fortalde kort om leitegruppa først.
- Ved loddbøker på 1000 lodd, må me skriva over i færre bøker for at ikkje trekkinga skal ta for lang tid.
- Det beste er bøker med 500 lodd i kvar. (I år vart det bruk av allereie innkjøpte bøker, difor 1000 i kvar.)
- Be om gevinstar frå næringslivet **før** bøkene blir lagde ut, slik at me veit kva me har å halda oss til.
- Set opp dugnadsliste på førehandssal på butikkane i Øvre Sirdal.
- Ta med åreseljarar og gevinstutdelar på arbeidslista til medlemmene!
- Gevinstutdelar må vera ein i gruppa som ordnar til på førehand!
- Set opp ein person til på kjøkkenet.
- Det var nok gevinstar på årene (truleg 15 per trekning).
- Det var altfor mange gevinstar på barnebord (70) og vaksenbord (84)! Det er nok med maks 50 gevinstar på kvart bord!  
→ Perny (eller andre) kjøper inn 50 gevinstar alt i alt, samt åregevinstar!

### Sak 11/17: Aktivitetar som (skulle) ha vore

På **ville vekster** deltok det ti (10) personar, og det var kjekt å endeleg få gjennomført kurset, sjølv om nokon fall frå pga. sjukdom. Anne Lise T. Gjesdal var ei kunnskapsrik og flink dame, men greidde ikkje heilt avgrensa seg, så det vart noko seint på kvelden. Suppa var god, og dei som har vore på kurs, kan få sjekka sopp gratis ein gong hos ho. Sjå elles vedlegg 2 for inntekter og utgifter.

**Linedancekurset** vart avlyst sidan det berre var fire (4) påmelde, derav ein frå Hommersåk. Skal me prøva att til hausten, og i samarbeid med Bondelaget? Det er aktuelt etter veke 41, men ikkje 2.-3. november.

**Stavanger glassblåseri-turen** vart òg avlyst pga. for få, dvs. fire (4) påmelde.

#### **Sak 12/17: Aktivitetar framover**

- Anita har laga plakat til **blometur** og Vamp-konsert 3. juni. Det er eit godt forslag, men det er konfirmasjonshelga, så me satsar på rein blometur 1. juni med ein matbit på veg heim.
- Karine og Åse-Berit har førebels kontroll på **suppefestivalen**.
- Anita og Karine har ansvar for **sommaravslutninga** 16. juni.

#### **Sak 13/17: Tilbakemelding frå RBK etter årsmøtet**

Astrid Hammersmark har meldt attende etter årsmøtet, og skrøytt veldig. Det var ein fin plass, flotte gåver og god underhaldning (Per Magne). Fullt så positive var nok ikkje me som var der, for det var dårleg ventilasjon på lòa og me var skuffa over variert bearbeiding av Ådneramslammet og same grønsaker til fisken og kjøtet til lunsj på laurdag.

Solveig Marie orsaka at ho hadde villeia varaordføraren om tidspunkt for talen.

#### **Sak 14/17: Nye innbuarar**

Det viste seg at Ingvild Josdal og Roy Aatland på Skeie hadde fått blomar for lenge sidan, så Åse-Berit besøkjer heller Trine Tronvik og Ørjan Tjørhom i staden. Ida Fidje må òg få besøk om ho allereie har flytta heim.

#### **Sak 15/17: Anna**

- a) Me fekk kr. 10 000,- i tilskot frå kommunen i 2017.
- b) Bygda i bevegelse genererte kr. 8000,- til SBK, og bør nyttast til noko som bygda treng.
- c) Idé til hausten og refleksens dag er å arrangera toppturrefleksnatursti.
- d) Solveig Marie sjekkar med kommunen om dei plantar i rundkøyringa, eller om me skal planta eitt år til.

- e) Åse-Berit sjekkar om Anita og Karine har kontroll på sommaravslutninga 16. juni.
- f) Åse-Berit purrar to medlemmer som ikkje ha betalt medlemsavgifta.
- g) Anita har skrive innmeldingsskriv, og Åse-Berit legg dei ut på biblioteka og butikkane.
- h) Anita bør bestilla eigen logo til Sirdal bygdekvinnelag.
- i) Sjølv om me prøver å leggja ut referata på heimesida, bør me ha ny referatbok.